



## Møteprotokoll for Ungdomsrådet

**Møtedato:** 07.01.2016  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 14:30 - 17:00

---

**Desse møtte frå administrasjonen:**  
Nina Randal, Eirik Bouwer Utne

---

Leiar Silje Nordal var ikkje til stades grunna sykdom. Møtet vart styrt av nestleiar Alrik Frost.

Til stades:  
Thobias Mellingen  
Elias Lavik  
Ida Herland  
Susanne Slettebakken  
Jonas Askeland  
Alrik Frost  
Sofie Eikeland på sakene 06/2016, 07/2016 og 08/2016

Fråverande:  
Juni Fløysand  
Silje Nordal  
Tim Nernes

Møtande varafolk:

Protokollførar: Eirik Bouwer Utne

## **Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
01/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/2016	Godkjenning av møtebok
03/2016	Referatsaker
04/2016	Aktuelle saker
05/2016	Frivilligmelding
06/2016	Vegen vidare for ungdomsklubb i Meland kommune
07/2016	Val av representantar til arbeidsgruppe for ungdomsklubb i Meland kommune
08/2016	Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom

## **01/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### **07.01.2016 UNGDOMSRÅDET**

**UR - 01/2016 VEDTAK:**

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

---

## **02/2016: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjent.

### **07.01.2016 UNGDOMSRÅDET**

**UR - 02/2016 VEDTAK:**

"Møtebok 26.11.2016 vert godkjend"

---

## **03/2016: Referatsaker**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering.

### **07.01.2016 UNGDOMSRÅDET**

**UR - 03/2016 VEDTAK:**

"Meldingane vert tekne til orientering."

---

## **04/2016: Aktuelle saker**

**Rådmannen sitt framlegg:**

### **07.01.2016 UNGDOMSRÅDET**

#### **UR - 04/2016 VEDTAK:**

«Ingen aktuelle saker»

---

## **05/2016: Frivilligmelding**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Ungdomsrådet vel ein representant til arbeidsgruppa for Frivilligmeldinga. Ungdomsrådet tek orienteringa frå dagleg leiar ved Frivilligsentralen til vitande.

### **07.01.2016 UNGDOMSRÅDET**

Tilleggsframlegg fra Alrik Frost:

- Ungdomsrådet tek orienteringa til vitande. Arbeidsutvalet i Ungdomsrådet får som oppgåve å peike ut representant til arbeidsgruppa for frivilligmelding.

Tileggsframlegget frå Alrik Frost vart **samrøystes vedteke**

#### **UR - 05/2016 VEDTAK:**

"Ungdomsrådet tek orienteringa til vitande. Arbeidsutvalet i Ungdomsrådet får som oppgåve å peike ut representant til arbeidsgruppa for frivilligmelding."

---

## **06/2016: Vegen vidare for ungdomsklubb i Meland kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Ungdomsrådet har diskusjon og gjer vedtak i møte.

## **07.01.2016 UNGDOMSRÅDET**

Det var ein diskusjon om temaet i møtet med følgjande hovudpunkt frå representantane:

### Sofie Eikeland:

- Kan kommunen ta oppussinga på anna budsjett enn dei kr 200 000.
- Banklokalet har for usikkert interiør, glas som kan knuse, vindauge som må dekkast til. Kan ein gjere det lydtett.
- Banklokalet kan føre til klagar frå naboar og butikkar.
- Meieriet har plass til store rom og scene, banklokalet passar for butikk og vil koste penger å pusse opp. Investeringa må gjerast der ein får mest mogleg ut av den, òg til andre ting enn ungdomsklubb. Det er ein meir naturleg ungdomsklubb.
- Ein ungdomsklubb må vere på Frekhaug og mest mogleg tilgjengeleg for alle, med tanke på kollektivtransport.
- Midlertidig løysing kan verte ein fast løysing
- Banklokalet er ikkje optimalt, og det kan gjere at få ungdommar nyttar seg av tilbodet.
- Ein må tilsette nokon til å styre klubben.

### Jonas Askeland:

- Går dei 200 000 til oppussing eller drift.
- Banklokalet vil ikkje nyttast til klubb kvar dag, vil redusere eventuelle klagar.
- Meieriet kan ta lenger tid å få til.
- Folk vil ha ein plass no, banklokalet kan nyttast inntil vidare.
- Vindauge kan dekkast til med persiennar.

### Alrik Frost:

- Dei som har tilhald i meieriet i dag må i tilfelle finne ein annan plass å vere, det vil ta tid.
- Det er bevilga 200 000, og på tide at noko skjer.
- Det kan fort verte halvgjort når ein gjer noko midlertidig.
- Det er dyrt å drive klubb, kvar skal pengane komme frå.

### Ida Herland:

- I banklokalet vil butikkar ta merksemrd frå eigne aktivitetar og omsetjing frå eigen kiosk.
- Inngagsdøra går opp når ein kjem for nære.
- Det er lite plass, eit biljardbord vil til dømes ta opp store delar av rommet.
- Kan Flatøy skule vere eit alternativ

### Susanne Slettebakken:

- Når eit midlertidig tilbod først er der ved banklokalet, vil det vere vanskeleg å få til noko anna.

### Thobias Mellingen:

- Meieriet er meir egna, ein kan slå seg meir laus. Uteområda kan nyttast til basket og andre aktivitetar. I banken vert det mykje støy, korleis er isoleringa.

Tilleggsframlegg i møte frå Jonas Askeland:

-Ungdomsrådet ønskjer ungdomsklubb i det gamle meieriet, men vil halde døra open for banklokalet.

Tileggsframlegget frå Jonas Askeland fekk 3 stemmer for (Askeland, Lavik, Herland) og 4 stemmer mot (Slettebakken, Eikeland, Mellingen, Frost) **og fall.**

Tilleggsframlegg i møte frå Sofie Eikeland:

- Ungdomsrådet ønskjer ikkje å ha ungdomsklubb i banklokalet, på bakgrunn av diskusjonen i møtet  
Tileggsframlegget frå Sofie Eikeland fekk 6 stemmer for (Herland, Slettebakken, Eikeland, Lavik, Mellingen, Frost) og 1 stemme mot (Askeland) **og står.**

**UR - 06/2016 VEDTAK:**

"Ungdomsrådet ønskjer ikkje å ha ungdomsklubb i banklokalet, på bakgrunn av diskusjonen i møtet"

---

**07/2016: Val av representantar til arbeidsgruppe for ungdomsklubb i Meland kommune**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Ungdomsrådet vel representantar i møte.

**07.01.2016 UNGDOMSRÅDET**

Framlegget frå Sofie Eikeland vart **samrøystes vedteke.**

**UR - 07/2016 VEDTAK:**

"Saka vert utsatt, sidan vi ikkje er fulltallig"

---

## **08/2016: Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Ungdomsrådet gjev vedtak på innstilling på møtet.

Det vart etter diskusjon fremma følgjande felles tilleggsframlegg i møte:

Prioriteringa for tilskot til nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom vert følgjande, med tilleggspunkt til grunngjevinga og vurderinga:

1. Sommaraktivitetar for barn. Bør innehelde gratis/betalt fotballskule eller liknande tiltak
2. Film for alle. Må marknadsførast til resten av kommunen. Ein må tenkje på gratis transport til tiltaket.
3. Kultur på kort. Ein må tenkje på gratis transport til tiltaket.
4. Bursdag for alle. Tiltaket bør være organisert av kommunen utan at lærarar skal vere involvert, til dømes av NAV og barnevernet.
5. Ferie for alle. Ein må òg inkludere støtte til transport og leige av skiutstyr eller liknande.
6. Jamleg Filmframsyning.

Ein må generelt legge til rette for gratis transport ved tiltaka.

## **07.01.2016 UNGDOMSRÅDET**

framlegg frå

Det vart etter diskusjon fremma følgjande felles tilleggsframlegg i møte:

Prioriteringa for tilskot til nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom vert følgjande, med tilleggspunkt til grunngjevinga og vurderinga:

1. Sommaraktivitetar for barn. Bør innehelde gratis/betalt fotballskule eller liknande tiltak
2. Film for alle. Må marknadsførast til resten av kommunen. Ein må tenkje på gratis transport til tiltaket.
3. Kultur på kort. Ein må tenkje på gratis transport til tiltaket.
4. Bursdag for alle. Tiltaket bør være organisert av kommunen utan at lærarar skal vere involvert, til dømes av NAV og barnevernet.
5. Ferie for alle. Ein må òg inkludere støtte til transport og leige av skiutstyr eller liknande.
6. Jamleg Filmframsyning.

Ein må generelt legge til rette for gratis transport ved tiltaka.

Tilleggsframlegget vart **samrøystes vedteke.**

**UR - 08/2016 VEDTAK:**

"Prioriteringa for tilskot til nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom vert følgjande, med tilleggspunkt til grunngjevinga og vurderinga:

1. Sommaraktivitetar for barn. Bør inneholde gratis/betalt fotballskule eller liknande tiltak
2. Film for alle. Må marknadsførast til resten av kommunen. Ein må tenkje på gratis transport til tiltaket.
3. Kultur på kort. Ein må tenkje på gratis transport til tiltaket.
4. Bursdag for alle. Tiltaket bør være organisert av kommunen utan at lærarar skal vere involvert, til dømes av NAV og barnevernet.
5. Ferie for alle. Ein må òg inkludere støtte til transport og leige av skicutstyr eller liknande.
6. Jamleg Filmframsyning.

Ein må generelt leggje til rette for gratis transport ved tiltaka."

---